


utfordringar som møter oss.

Dette hjelper trusopplæringa dykk med.



02 38 60
oss.kyrkja.no



Velkommen til babysong

i VANGSKYRKJA
Haust 2026



Me vil invitera dykk til **T1**-dagar; BABYSONG I VANGSKYRKJA

Kva er babysong?

Babysong er leik med song, rim og regler, dans og lyd. Kjennskap til ulike lydbilete er også utgangspunkt for all språkutvikling. Me skal syngja ulike musikkssjangrar, dansa saman og bruka ulike rytmeinstrument.

Kvifor babysong?

Som mor/far er det berre du som kjenner kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt. Babysong handlar ikkje om å prestera, men om å gjera denne kommunikasjonen endå betre ved bruk av song og musikk. Ingen forkunnskap trengs for å delta, og det er ingen krav til sangstemme. For barnet er stemma di det kjæraste og næraste!

Kursleiar:

Åshild Bøe, er leiar for barnekoret i kyrkja og har hatt babysongkurs ei rekkje gonger tidlegare.

Invitasjon vert sendt til born fødde haust 2025 og vår 2026 og deira føresette.

Praktisk.

Babysong startar opp i veke 37 og går over 7 mandagar. Her skal de ikkje ta med anna enn dykk sjølve, babyen, eit teppe som han/ ho kan ligge på, og ein gulpeklut...

Gje beskjed:

- om mjølk-/gluten-/eggallergi (føresette).
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l. (etter avtale).

Det vert to heilt like kurs på to ulike tidspunkt:

Kurs 1: Kl 10:30 Babysong, etterpå føremiddagsmat for dei vaksne fram til 12:10.

Kurs 2: Kl 11:30 Føremiddagsmat for dei vaksne, etterpå babysong fram til kl 13:10.

Me serverer vafler/ grove vafler, kaffi og te.

Gje beskjed ved påmelding kva kurs de ynskjer.

Datoar for babysongsamlingane: 07.09, 14.09, 21.09, 28.09, (05.10 er det haustferie) 12.10, 19.10, 26.10

Påmelding innan torsdag 04.09 til Åshild, 952 98 681

